

**MATHILDE med fast hamn på Skorpo.**

03.05.2017



Hardangerjakt MATHILDE, bygd i Ølve i 1884, har fast hamn på Skorpo i denne veka. Her legg skuta til kai ved det nye Folgefonnsenteret.

**Hardangerjakt MATHILDE går i leirskulefarten for tida. Vågen på Skorpo er fast hamn midt i veka. Elevane kan gå i land. Nokre går på Skorpefjellet. Andre ser seg rundt på bruket hos Ole Kristoffer Vågen. I denne veka er det elevar frå Steinerskulen i Bergen som er på tokt.**



Alle må kunna syna fram dobbelt halvstikk for å få landlov.

13 elevar og ein lærar frå 7. klasse møstra på det staselege fartyet tysdag 2. mai i Norheimsund. Kort tid etter opninga av Folgefonnsenteret nådde dei Rosendal og la til kai like ved den nye attraksjonen. På turen frå Kvam til Kvinnherad fekk elevane innføring i naudsynt sjømannskap. Kunnskapen om tauverk og fortøyning står høgt på lista. Det er nemleg eit krav at alle skal kunna dobbelt halvstikk for å få landlov.

Hardangerjakta MATHILDE er bygd på vervaplassen Nerhus i Ølve i 1884. Fartybyggjaren var Ola H. Nerhus. MATHILDE er 73 fot og er rigga med jakterigg. Fartyet var ferdig restaurert i 1989. Skuta er i drift heile året med eit fast mannskap på fire,- skipper, bestmann, matros og kokk. Leirskulefarten er lagt til mai/juni og august/september.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal